



Skjåk kommune

Møtestad: NB! Skjåk Energi	Møtedato 5. april 2019	Frå kl 10.00	Til kl 11.30
--------------------------------------	----------------------------------	------------------------	------------------------

Medlemmane blir med dette kalla inn til møtet som nemnt ovanfor. Dette gjeld:

Knut Vindheim (leiar)
Tor Arne Rønningen (nestleiar)
Arild de Presno
Torø Elin Dagsgard
Arnfrid Austin

Forfall må meldast snarast mogleg til sekretær Morten Sørhage på. tlf. 469 11018.

E-post: morten.sorhage@lom.kommune.no

Varamedlemmane møter berre etter nærmare varsel. Dette gjeld:

Sigrun Kveen
Svein Skjåkødegård
Marit Wiegaard Brandsar
Ingvar Severin Kringlethaugen
Paul Ragnar Frøise

SAKLISTE

17/2019	Innkalling, sakliste. Protokoll frå siste møte. Skjåk Energi KF – årsrekneskap 2018 Open post
---------	--

Lom, 2. april 2019
for Knut Vindheim

Morten Sørhage
Sekretær

Kopi: Skjåk kommune, rådmannen
Skjåk kommune, ordføraren
Innlandet Revisjon IKS
Presse



ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	14. april 2019	Kontrollutvalet	17/2019

SKJÅK ENERGI KF – REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2019

Saksdokument:

- Årsmelding 2018 med rekneskap og noter
- Protokoll frå styremøte

Saksframlegg:

Rekneskapen til Skjåk Energi KF er eit særrekneskap. Det må settast opp etter rekneskapslova. I tillegg kjem reglar i energilova, kommunelova, forskrift om særbudsjett, særrekneskap, årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak og god rekneskapskikk i Noreg.

Etter forskrift om kontrollutval § 7 skal kontrollutvalet uttala seg om årsrekneskapen før den blir vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal være hjå formannskapet før dei gjer innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Innlandet Revisjon IKS konkluderer med at rekneskapen er i samsvar med lov og forskrift. Det gjev eit rett bilde av finansiell stilling.

Skjåk Energi KF har i 2018 overført kr. 6,6 mill. til eigaren Skjåk kommune. Foretaket har overført kr. 3 110 161 til eigenkapital.

Forslag til uttale:

Til kommunestyret i Skjåk kommune

Uttale frå Skjåk kontrollutval til årsrekneskapen frå Skjåk Energi KF for 2018

I sak nr. 17/2019 handsama kontrollutvalet årsrekneskapen til Skjåk Energi KF for 2018.

Grunnlaget for handsaminga er årsrekneskapen, årsmeldinga for 2017 og revisjonsmeldinga, datert 1.4.2018. Revisoren og økonomisjefen i Skjåk Energi KF supplerte munnleg i møtet.

Skjåk Energi KF syner i rekneskapen for 2018 eit overskot etter skatt på kr. 9 710 161 mot kr. 6 765 329 i 2017.

Eigenkapitaldelen er på 32 %.

Styret i Skjåk Energi KF innstiller på denne disponeringa av overskotet:

Eigaruttak (Skjåk kommune)	kr. 6 600 000
Overført til eigenkapital	kr. 3 110 161

Kontrollutvalet har ingen merknad til dette forslaget. Dei har heller ingen annan merknad til den framlagde årsrekneskapen for 2018.

Saksnummer	Møtedato	Arkiv	Sakshandsamar
Sak 2019-07	1.april 2019		TB

Rekneskap og årsmelding 2018 for Skjåk Energi KF

Saksdokumenter:

2019-07-1 Årsmelding og rekneskap 2018

Saksutgreiing:

Rekneskapen syner eit resultat etter skatt på 9,7 millionar kroner for 2018, som er ein auke på tre millionar kroner samanlikna med fjoråret. Totalavkastninga er på 12,6 prosent i 2018, ein oppgang på nesten fire prosentpoeng frå 2017. Eigenkapitalavkastninga er på 32,6 prosent i 2018, ein oppgang på tolv prosentpoeng frå fjoråret.

Produksjonen i Øvre Otta auka med fem prosent og produksjonen i Skjåk 1 minka med omlag 18 prosent samanlikna med 2017. Gjennomsnittleg spotpris for vårt prisområde (NO3) steig med 54 prosent i 2018 samanlikna med 2017. Totalt kraftsal var 8,7 millionar høgare i 2018 enn fjoråret. Inntektsramma for nettverksemda vår var 0,4 millionar kroner høgare i 2018 enn i 2017. Totalt sett var driftsinntektene 17,3 prosent høgare i 2018 enn for fjoråret.

Driftskostnadane var 2,5 prosent høgare i 2018 enn i 2017. Dei største endringane er at andre driftskostnader var redusert med 0,66 millionar kroner i samband med aktivering av trafostasjonar pr. 31.12.2017. IT-kostnader har auka med 0,3 millionar kroner og driftskostnader deleigde verk er 0,5 millionar høgare i 2018 samanlikna med 2017. Totalt sett er driftskostnader for 2018 er 3,5 prosent lågare enn budsjettet for 2018.

Driftsresultatet er 8,6 millionar betre enn 2017 og 11,1 millionar betre enn budsjett.

Finanskostnader er 1,2 millionar kroner høgare enn i 2017. Hovudårsaken er sal av aksjefond med ein gevinst på knapt ein million kroner og tilbakeføring av nedskrivning av aksjar i Eidsiva Breiband AS i 2017.

Som i 2017 er det ei auke i grunnrenteskatten i 2018. Hovudårsaken er høg spotpris gjennom 2018 som har ført til høg grunnrenteinntekt og at skattesatsen vart sett opp med 1,4 prosentpoeng frå 34,3 % til 35,7 %. Totalt er skattekostnaden i 2018 på 8,8 millionar kroner, om lag det dobbelte av kostnaden i 2017. Grunnrenteskatten på 7,2 millionar kroner utgjer 82 prosent av total skattekostnad.

Det var planlagd investeringar for 5,6 millionar kroner i 2018 etter budsjettjusteringar. Vi investerte totalt for 3,6 millionar kroner, som var to millionar lågare enn planlagt. Hovudårsaken til at det vart gjort mindre enn planlagt av investeringar var flaumen hausten 2018. Fleire av prosjekta måtte utsetjast og prosjekt som var i gang vart utsett til 2019. Det er brukt 1,7 millionar kroner på utbygging av fiber i Skjåk i 2018, storparten av dette er brukt på fiber frå Reppen mot Lom grense.

I 2018 er det utbetalt eigaruttak på 6,6 millionar kroner før avlagt rekneskap. Sidan årsresultat etter skatt er svært bra i 2018, slepp vi ein reduksjon av eigenkapitalen i år. Det har vore brukt av eigenkapitalen til å betale ut eigaruttak i 2014, 2015 og 2016. Eigenkapitaldelen vart redusert med ni prosentpoeng på desse tre åra, frå 41 prosent til 32 prosent. I 2017 var eigaruttaket om lag like stort som resultat etter skatt. Sjølv om Skjåk Energi er ei solid bedrift, er det ikkje tilrådeleg å stadig bruke

av egenkapital til å dekke eigaruttak. Gjeldsgraden til elverket har auka som eit resultat av bruk av egenkapital til å dekke eigaruttak. Dei to siste åra har vi hatt ein gjeldsgrad på litt over to medan vi tidlegare har vore rundt 1,5. Ein gjeldsgrad på under to vert rekna som god.

Eigarmeldinga føreset at 1,5 millionar kroner av overskotet kvart år skal øyremerkast til breibandutbygging i Skjåk, med det har ikkje vore teke omsyn til dette ved eigaruttak. I 2018 er det brukt 1,7 millionar kroner i fiberutbygging i Skjåk. Fiberinvesteringar dei fire siste åra utgjer 7,6 millionar kroner utan reduksjon av eigaruttak. Styret foreslår at overskytande overskot på 3,11 millionar kroner etter eigaruttak på 6,6 millionar, vert brukt uavkorta til å styrke eigenkapitalen.

Innstilling:

Styret innstiller overfor Skjåk kommunestyre å godkjenne rekneskapen for 2018 som syner eit overskot på kr 9 710 161 etter skatt.

Forslag frå styret til disponering av overskotet for 2018 på kr 9 710 161:

Eigaruttak	kr 6 600 000
Overført til eigenkapital	kr 3 110 161

Styret innstiller overfor Skjåk kommunestyre å godkjenne årsmeldinga til styret og notane til rekneskapen.

Vedtak:

Styret innstiller overfor Skjåk kommunestyre å godkjenne rekneskapen for 2018 som syner eit overskot på kr 9 710 161 etter skatt.

Forslag frå styret til disponering av overskotet for 2018 på kr 9 710 161:

Eigaruttak	kr 6 600 000
Overført til eigenkapital	kr 3 110 161

Styret innstiller overfor Skjåk kommunestyre å godkjenne årsmeldinga til styret og notane til rekneskapen.

Hans Petter Odd Jan Høy Sissel Brenna
Astrid Gjøst Odellbjørn Sperdahl